

 HELSE FØRDE Organisasjon Forskning og innovasjon Prosedyrar for innovasjon	Prosess knytt til innovasjonssøknader		Dokument-id: D23491		
			Prosedyre		
	Utarbeidd av Guro Mjanger		Versjon 3.02	Gyldig frå 11.02.2025	Rev. innan 11.02.2027
		Godkjent av Kleiven, Anne Kristin	EK-ansvarleg Mjanger, Guro		

1 Føremål og omfang

Denne prosedyren skildrar prosessen knytt til utlyste innovasjonsmidlar internt i Helse Førde og til Helse Vest. Prosedyren gjeld for alle tilsette i Helse Førde som søkjer innovasjonsmidlar antent internt eller frå Helse Vest.

2 Framgangsmåte for søknader

Utlysing av midlar skjer via Helse Førde sitt intranett og Helse Vest sine nettsider.

Alle tilsette som ønskjer å søkje innovasjonsmidlar frå Helse Vest gjer dette via [eSøknad](#).

Alle tilsette som ønskjer å søkje interne innovasjonsmidlar gjer dette via eige skjema som er lagt ved utlysinga. I tillegg til å fylle ut eSøknad/internt skjema, skal alle registrere søknaden sin i [Idémottaket](#). I Idémottaket er det tilstrekkeleg å melde inn tittel på prosjekt og nokre stikkord om kva søknaden omhandlar, ein treng ikkje legge inn heile søknaden på nytt.

Innovasjonsrådgjevar kan hjelpe til med søknader, ta kontakt med seksjon for forskning og innovasjon. E-post: foi@helse-forde.no.

3 Sakshandsaming av søknader til interne midlar

Etter søknadsfrist er gått ut vert søknadene sakshandsama av eit sekretariat med følgjande medlemmer:

- Sekjonsleiar forskning og innovasjon (leiar av sekretariat)
- Rådgjevar

I sakshandsaminga vert det gjort ei grovkartlegging av søknadane ut frå kriteria i utlysinga, og sikrar at søknadane er leiarforankra. Sekretariat og leiar av vurderingskomite har eit førebunde møte og gjer ei første sortering av kandidatane før søknadane vert sendt over til vurderingskomite.

4 Vurdering av søknader

Prosjekt som vert vurdert som støtteverdige får høve til å presentere prosjekta sine for vurderingskomiteen.

På bakgrunn av presentasjon av prosjekt og søknad som er innsend lagar vurderingskomiteen ei prioritert liste og oversender utviklingsdirektør for endeleg vedtak.

I vurderingskomité sit følgjande:

- Utviklingsdirektør
- Ein klinikkdirrektør
- 1-3 eksterne representantar med innovasjonskompetanse

Ved søknadar til Helse Vest skjer leiarforankring via eSøknad. Leiargruppa i Helse Vest tildeler midlar.

5 Referansar

[eSøknad](#)

[Idémottaket](#)